



Startsamtale med foreldre i barnehagar i Høyanger kommune.

(utarbeidd i Fjell kommune, med løyve til bruk i Høyanger kommune)

Fakta:

Namn barn:	Fødselsdato, adresse
Namn foreldre, adresse, tlf.	Namn foreldre, adresse, tlf.
Barnehage	Avdeling

Dato, namn, kven møtte til samtale

--

Informer om tema for samtalen:

- Den første tida og barnet som person
- Familie og nettverk
- Kvardag og samspel i familien
- Helse
- Barnet sine røynsler i familien
- Andre tenester som familien samarbeider med
- Forventningar til barnehagen
- Korleis opplevde de samtalen

Den første tida og barnet som person

Fortel om barnet...

- Kven er han/ ho?
- Kva likar/ ikkje likar han/ho?
- Kva er særlege kjenneteikn for barnet?
- Korleis er barnet sitt temperament?

Korleis har den første tida vore? (fram til barnehagestart)

- Søvn, mat etc
- Korleis opplevde de som foreldre denne tida?

Var det noko særskilt rundt graviditet og fødsel som kan vere relevant for oss å vite om (Beskriv for foreldra kvifor og kva som kan vere relevant)

Familie og nettverk

Kven er familien til barnet

- Foreldre, søsken, skilt / sambuande

Kven er andre viktige personar for barnet

- Nettverk

Kva gjer dei andre familiemedlemene på?

- Jobb, skule etc

Kvardag og samspel i familien

Korleis ser kvardagen ut hos dykk?

Kva er viktig for dykk i samspelet i familien?

Er det noko som er vanskeleg i samspelet i familien?

Korleis set de grenser for barnet?

Kva er viktig for dykk i barne-opdraginga?

Helse

Korleis er barnet si helse?

- Fysisk; sjukdom, motorikk, medisinar
- Psykisk

Korleis er foreldra si helse?

- Fysisk sjukdom
- Psykisk lidning

Har barnet vore vitne til eller sjølv opplevd skremmande hendingar?

- Eks brann, ulukke, alvorleg sjukdom

Barnet sine røynslar i familien

Har barnet opplevd at de foreldre blir veldig sinte, har øydelagt ting, klapsa, slått, trua?

- Anten vaksne imellom eller mot barnet/ søsken

Korleis er dykkar forhold til alkohol og rus?

- Har de eller andre i barnet sitt nære nettverk hatt eller har vanskar i forhold til rus?

Andre tenester

Har de kontakt til andre tenester?

- Helsestasjon, ppt, psykologtenesta, anna?
- Spør eksplisitt om kontakt til barneverntenesta

Forventningar til barnehagen

Kva forventningar har de til barnehagen?

- Kva er de opptekne av at barnet skal få frå oss?

Er det noko vi bør ha særleg fokus på for å støtte barnet best mogeleg i kvardagen og i si utvikling?

Er det anna enn det vi har vore inne på i denne samtalen som vi i barnehagen bør vite om?

Av og til må vi ta opp ubehagelege ting med foreldre, andre gongar ønskjer vi å gje positive tilbakemeldingar. Korleis ønskjer de tilbakemeldingar frå oss?

(Telefon, innkalling til samtale gjennom brev i hylla eller posten, e-post, etc)

Korleis har de opplevd denne samtalen?

Det er nytt i vår kommune med ein slik oppstarts-samtale og vi vil difor gjerne spørje om korleis det vart opplevd? Var det noko vi kunne gjort annleis?